



## Norsk (nordisk) fordjupingsstudium



Studiet er retta mot yrkesgrupper og studentar som ønskjer å heve kompetansen sin i norsk og spesialisere seg i språklege og litterære emne.

### Studieinnhald

Fordjupingsstudiet i norsk (nordisk) språk og litteratur kan setjast saman på ulike måtar: eit språkleg og eit litterært emne to språklege emne to litterære emne eit emne i anten språk eller litteratur og eit individuelt oppgåveemne i same disiplin i det påfølgjande semesteret. Kvart av emna er på 15 studiepoeng. Du vel sjølv om du vil ta eitt eller to emne pr. semester. For å bli tatt opp på oppgåveemnet må du ha fullført undervisningsemnet.

### Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisninga blir gitt i form av nettleksjonar og individuell rettleiing. Enkelte emne kan også ha tilbod om samling. Rettleiinga vil i stor grad vere knytt til oppgåveskriving. Les om vurderingsordningar og eksamen i studie- og emneplanane.

### Aktuelle yrke og vidare studium

I kombinasjon med ei lærarutdanning gir studiet undervisningskompetanse i norsk i ungdomsskule og vidaregåande skule eller kan nyttast i andre yrkessamanhengar der ein treng kompetanse i språk eller litteratur. Studiet kan utgjere fordjupingskomponenten i ein bachelorgrad.

**Studiepoeng / lengd:** 30 / 2 semester  
(1 år)

**Opptakskrav:** Årsstudium (60stp)  
norsk eller tilsvarande.

**Søknadsfrist:** i  
Lokalt opptak

**Studiestart:** Haust Vår

**Kontaktperson:** For spørsmål om  
opptak Studentsorvis 70 07 50 18  
studentsorvis@hivolda.no